

Møtereferat: Kontaktutvalet Dyraheio, Kvanndalen og Holmevassåno 13.09.2012

Møtet var på Energihotellet på Nesflaten onsdag 23 januar 2013 kl 19.30-21.30.

Desse møtte: Kolbein Kjetilstad, Sigurd Søndena, Torjus Bleskestad, Ola Jordebrekk, Kristian Steine (Suldal Fjellstyre), Torkel Myklebust (Suldal kommune), Ola Hauga (Suldal kommune), Preben Falck (Stavanger turistforening), Alf Odden (Verneområdeforvaltninga), Reidar Sandal (Statens naturoppsyn, observatør) Fråfall: Endre Giil (Suldal kommune)

Alf Odden ønska velkommen, og gjorde kort greie for sakslista og bakgrunnen for møtet. Arbeidet i Tilsynsutvalet har vore nede ei tid, men er nå teke opp att. Nye grunneigarrepresentantar vart peika ut på grunneigarmøtet 7 november, og skal sitte ut gjeldande kommunestyreperiode som går fram til hausten 2015. Ein gjekk og gjennom rammene for arbeidet i tilsynsutvale som vart fastsett av Suldal kommune i 2000. Desse arbeidsoppgåvene er:

- Drøfte prinsipielle spørsmål som gjeld verneområda
- Gje råd til forvaltninga i saker som gjeld verneområda
- Arbeide med revidering av forvaltningsplanen
- Ha minst to møter kvar år, kor eit av dei bør kombinerast med ei befaring eller studietur

Sak 1. Konstituering av Tilsynsutvalet

Ola Jordebrekk som representerar Roalkvam/Bleskestad grenda var einstemmig valt til ny leiar for Tilsynsutvalet.

Kolbein Kjetilstad som representerar Kvildalsgrenda var einstemmig valt til ny nestleiar for Tilsynsutvalet.

Ola Jordebrekk overtok nå som møteleiar

Sak 2. Endring av namn

Tidlegare leiar Per Kjetilstad foreslo på sist møte å endre namn frå Tilsynsutval til Kontaktutval. Medlemma drøfta framlegget og kom fram til at namnet Kontaktutval gav ei betre beskriving av utvalet sin funksjon og arbeidsoppgåver enn namnet Tilsynsutval. Eig gjekk derfor einstemmig inn for å endra nemn frå Tilsynsutval til Kontaktutval.

Det fulle namnet på utvalet er nå: Kontaktutvalet for Dyraheio og Kvanndalen landskapsvernområde og Holmevassåno biotopvernområde.

Sak 3. Sakar frå medlemma

Motorferdsleløyve i samband med skadefellingsløyvet for jerv

Torjus Bleskestad hadde fått spørsmål frå fleire grunneigarar om skadefellingslaget si motorferdsle kunne skje utan grunneigar sitt samtykke. Dei same grunneigarane hadde og uttrykt forundring over at dei ikkje hadde vorte varsla om at det var gjeve eit slikt løyve til motorferdsle på deira eigedom.

Alf Odden forklarte at verneområdeforvaltninga hadde motteke søknaden svært kort tid før den skulle opp til handsaming i Arbeidsutvalet, og at varsling av grunneigarane diverre vart gløymt. Alf

Odden sa og et ein hadde gått ut frå at det var i grunneigarane si interesse at det vart gjeve løyve til motorferdsle i denne saka.

Kontaktutvalet drøfta saka, og vart einig om at ein i kommande saker skulle innarbeide rutinar som sikrar at grunneigarar blir varsla når det blir gjeve motorferdsleløyvar på deira eigedom.

Når det gjaldt spørsmålet om motorferdsle i samband med skadefellinga kunne skje utan grunneigarane sitt samtykke, kunne ingen på møtet gje eit heilt sikkert svar. Alf Odden lova derfor å undersøke dette nærare. Etter møtet vart det sendt ein førespurnad til Direktoratet for naturforvaltning. Svaret frå DN vil bli sendt til medlemma av kontaktutvalet dersom det ikkje kjem med i referatet.

Sak 4. Nye byggeregler for SVR

Alf Odden gjorde greie for arbeide med nye byggeregler for SVR, og gjekk gjennom dei viktigaste punkta i den nye byggerettleiaren.

Kontaktutvalet slutta seg til verneområdestyre sitt framlegg til definisjon av omgrepet landbruksdrift, som omfatta nokre fleire verksemder enn definisjonen som Miljøverndepartementet har nytta fram til nå

Medlemma var stort sett samde i dei konkrete arealgrensene, for ulike typar bygg, som var skissert i byggerettleiaren.

Medlemma var meir i tvil om krava til dokumentasjon som måtte oppfyllest før ein eventuelt kunne få løyve til byggetiltak i samband med landbruksdrift. Ein kom likevel fram til at dei skisserte krava til dokumentasjon ikkje ville være vanskelege å oppfylle for potensielle søkarar i våre område.

Når det gjaldt dei konkrete retningslinene for utforming av bygg vart det meir diskusjon. Preben Falck stilte spørsmål ved om det var naudsyn å ha med denne type detaljerte retningsliner i ein byggerettleiar. Alf Odden svara at SVR heller ikkje var glade for å ha med slike retningsliner, men at ein meinte det var naudsynt fordi einskilte kommunar i verdeområda ikkje hadde detaljerte reglar for utforming av bygg i heia. Torkel Myklebust opplyste at verneområdestyret heller ikkje hadde mynde til slike detaljreguleringar av bygg etter sitt lovverk, og at dette måtte regulerast av kommunane gjennom Plan og bygningslova. Krava til bygg slik dei går fram i byggerettleiaren må derfor oppfattast som rådgjevande.

Kolbein Kjetilstad meinte at punktet om vindauge i bygg var for detaljert og burde takast ut. Kontaktutvale vart einige om å tilrå at dette punktet takast ut frå byggerettleiaren.

Preben Falck meinte at punktet om taktekking ikkje tok høgde for at det på verutsette stadar i høgheia kunne vera naudsyn å bruke stålplater som taktekking. Ola Jordebrekk opplyste og at det fantes døme på bygg der takvinkelen var så bratt at bølgeblikk eller stålplater var den beste løysinga. Kontaktutvalet vart einig om å tilrå at dette punktet blir formulert slik at det tek høgde for at andre materiale kan nyttast til taktekking når det er naudsynt.

Torjus Bleskestad framheva at liggande kledning på stølshus var ein del av den lokale byggeskikken, og at dette måtte takast med i byggerettleiaren. Kontaktutvale vart einig om å tilrå at liggande kledning takast inn i punktet om kledning.

Sak 5. Oppstartsmelding for ny forvaltningsplan for SVR

Eit framlegg til oppstartsmelding vart lagt fram på møte. Ein vart einige om at medlemma av kontakt utvalet skulle lese gjennom framlegget og kome med innspel til Alf Odden innan fredag 1 februar.

Sak 6. Informasjon frå SVR aktuelle saker i verneområda

Alf Odden la fram ei oversikt over prosjekt frå Dyraheio som hadde søkt om økonomisk støtte for 2013. Dette handla om til saman 8 prosjekt, og det vart framheva at grunneigarane i Suldal hadde vore gode til å nytte denne tilskotsordninga. Reidar Sandal orienterte kort om korleis tilskotsordninga fungerte i praksis.

Alf Odden orienterte om at verneområdeforvaltarane nok hadde fått delegert avgjerslemynde i enkle motorferdslesakar. Ein konsekvens av dette vil være at sakshandsamingstida i slike saker vil bli redusert.

Sak 7. Eventuelt

Kontaktutvalet vart einig om at neste møte vil bli i samband med ei befarings tur til Bleskestadmoen i juni. Ola Jordebrenk, Reidar Sandal og Alf Odden planlegg turen og sendar ut program og sakliste når det nærmar seg.

Suldalsosen 25 januar 2013

Alf Odden, referent